

# FELLESSTYRET FOR ULLENSVANG STATSALLMENNING



Foto: Georg Gjøstein

## ÅRSMELDING 2016

Odda, 05.2.2018

Eivind Tokheim

Steinar Langesæter

Synnøva Sæbø

John Helge Rasmussen

Ørjan Angell

Ragnar Ystanes

## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning .....	3
Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019.....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Båtar .....	4
Villreinjakt .....	4
Småviltjakt .....	4
Fiske .....	4
Økonomi.....	4

## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>.

## Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)*	Bjørn Buer
Steinar Langesæter (nestleiar)**	Jørund Kvestad
John Helge Rasmussen	Jarle Vangen
Ørjan Angell	Mariann Nordstoga Berge
Ragnar Ystanes	Jan Asbjørn Utne
Synnøva Søbø	Kari Herstad
* Leiar i åra 2016 og 2018. ** Leiar i åra 2017 og 2019	

Fellesstyret hadde tre møte i 2016. Det blei handsama 21 saker.

Av saker Fellesstyret handsama var

- freding av rypa for sesongane 2016-2017 og 2017-2018. Dette på bakgrunn av takseringsresultat frå område i nærleiken som viste svært lite fugl, og generelt inntrykk av ein nedgang i bestanden.
- Fellesstyret overtok i 2016 «Øverlandhytta» ved Holmavatnet. Hytta skal gjerast tilgjengeleg som jakt- og fiskebu.
- Skjold beitelag fekk fornya avtalen om beiteleige for 5 nye år, og vidare i 5 år til, dersom det på det tidspunktet ikkje er lokale bruksrettshavarar som har trong for beite. Beiteleiga blei sett til 22,- pr. dyr, og skal indeksregulerast for den neste 5-årsperioden.

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning leiger sekretærtjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Trine Hilstad.

## Båtar

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har fem båtar liggjande ved ulike vatn i statsallmenningen. Det ligg båt på fylgjande vatn: Tuevotni, Valgardsvotni, Ambjørgevatnet, Kvennsjøen ved Litlos og Grøndalsvotni.

## Villreinjakt

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gjer vedtak som gjeld reinsjakta på Ullensvang statsallmenning. Jakttida blei vedteke å vara i heile jakttingsperioden (20. august til og med 30. september). Det blei vedteke nattefreding frå kl. 1900 til kl. 0700. Det blei ikkje inngått avtale om samjakt med andre vald. Fredingssoneane som blei innført for ein femårsperiode frå 2013 blei haldt uendra i 2016.

Fellingsløyva for villreinjakt på Ullensvang statsallmenning er delt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre. Odda fjellstyre får 1/3 av fellingsløyva, og Ullensvang fjellstyre får 2/3. For meir info om fellingsstatistikk og anna om villreinjakta blir det vist til årsmeldinga for det einkilde fjellstyret.

## Småviltjakt

Fellesstyret vedtok å frede rypa i jaktseongane 2016-17 og 2017-18. Det blei oppretthalde jakt på andre artar småvilt som det er opna for jakt på. Det blei samtidig vedteke å innføre eit gratis småviltkort for jakt på villmink, mårhund, røyskatt, mår, raudrev, ramn og gråmåke. Rekneskapan viser at det er omsett jaktkort for 6322,50,- i 2016.

## Fiske

Fellesstyret sel garn- og stongfiskekort for fiske i Ullensvang statsallmenning. Stongfiskekort blir selt på utsalsstadar i Ullensvang og Odda og på nettløysinga Inatur. Garnfiske blir berre selt på utsalsstadane. Det blir også selt eit fellesfiskekort for dei fire statsallmenningane Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik på Inatur og utsalsstadane. Rekneskapan viser ein omsetnad på 26 790,- for garnfiske, og 67 979,52,- for stongfiske i 2016.

## Økonomi

Fellesstyret hadde i 2016 ein omsetnad på 108.704,02,-. Utgiftene var på 83511,04,-. Dette gir eit overskot på 25192,98,- i 2016.